

LINDÅS KOMMUNE
BYGNINGSSJEFEN
5100 ISDALSTØ
TLF: 35 05 55

BYGGJETILLATELSE

Byggjeplass (adresse)		Gnr.	Bnr.
Alver		137	424
Arbeidets art	Byggets art	Søknadens dato	Bygn.rådets eller bygn.sjefens vedtak
nybygg	einebustad	14.5.79	Dato 7.11.79 sak 474/79
Byggherre		Adresse	Tlf.
Jan Olav Einarsen		Arnatveit, 5260 Indre Arna	
Meldar		Adresse	Tlf.
Ansvarshavande		Adresse	Tlf.
Eskild Bertelsen		C/O Brødrene Hetland A/S	

De har no fått byggjetillatelse av bygningsrådet i Lindås på dei vilkår som er sette i vedtaket, og vedlagt følgjer dei godkjende dokument vedkommande saka.
Ikkje noko grunn eller byggjearbeid skal setjast igang før bygget er sett ut i terrenget av teknisk kontor, eller det er gjeve særskilt løyve til dette.

ANSVARSHAVANDE SKAL VARSLA: (med minst 2 - to dagars varsel)

A Teknisk kontor for:

1. Husplassering og grunnmurshøgde
2. Utstikking av forstøtningsmur og av innhegning mot veg

B Bygningskontrollen for kontroll av:

1. Byggjegrunn Etter at kultlaget er komprimert, forskaling for fundament oppsett og armering utført.
2. Armering Av betong og murkonstruksjonar, herunder peisfundament, før støyping.
3. Bjelkelag tak- og veggkonstruksjonar. Før innkleing, men etter at vindtetting med papp er utført ved murkrone, bjelkeutstikk, altansbjelkar og vindauger.
4. Varme- lyd og brannvern-isolering. Piper og eldstader. Dytting av vindauger og dører. Før innkleing.
5. Puss av utv. murverk. Drenering og isolering av grunnmur. Før innkleing
- 6a. Slamavskiljar. Infiltrasjonsanlegg eller sandfiltergrøft Når leidningar og sand er lagt, men før attfylling av grøfter.
- 6b. Tilkobling til off. ledningsnett. Før attfylling av grøfter.
7. Ferdigattest. Bygningen, eller delar av den, må ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest eller bruksløyve.

For hytter skal kontroll varslast for A 1, B 6a og b og 7.


For driftsbygningar skal kontroll varslast for A 1, B 6a og b og 7.

Ansvarshavande skal sjå til at vilkåra i vedtaket vert oppfylte og at ikkje noko arbeid vert utført i strid med dette, bestemmelsar i bygningslova, forskrifter og vedtekter som er utarbeidde på grunnlag av desse.

DETTE SKJEMAET, SAMAN MED DEN GODKJENDE SØKNADEN OM BYGGJETILLATELSE MED VEDTAK OG TEIKNINGAR' SKAL ALLTID VERA TILSTADES PÅ BYGGJEPLASSEN FOR FRAMVISING TIL KONTROLLØREN

for bygnings sjefen

Isdalstø, den 15.1.-80



Denne saka er handsama av bygningsjefen i samsvar med myndigheit delegert frå bygningsrådet. Delegasjonen er etter § 14 nr. 2 i bygningslova og er godkjend av kommunaldepartementet den 5/1-77.

BYGNINGSSJEFEN I LINDÅS, 5100 ISDALSTØ		Dato 7.11.79
Sakshandsamar Johansen	Matr.nr.gnr. 137 bnr. 424 Alver	SAK NR. 474/79
Byggherre/meldar Jan Olav Einarsen	Adr. Arnatveit 5260 Indre Arna	
Saka gjeld Bustadhus - nybygg		

Vedlegg:

Søknad om byggetillatelse datert 14.5.79
kvittering for sendt nabovarsel datert 19.6.79
situasjonsplan 1:1 000
teikningar 1:100
søknad om ansvarsrett datert 14.6. og 19.6.79
søknad om tilknytning til offentleg ledningsnett
datert 2.7.79

Vedtak:

Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:

1. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg leidningsnett i samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune.
2. Eigaren av eigedomen skal innordna seg reguleringsføresegnene tilknytt reguleringsplanen.
3. Farge og takteking må vera slik at det harmonerer godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at bygget skal målast på ny dersom det vert fargesett på ein skjemmande måte. (§ 74)

Bygningsjefen godkjenner Jan Olav Einarsen som ansvarshavande for grunn- og betongarbeidet og Eskild Berthelsen som ansvarshavande for anna arbeid som ikkje kjem inn under grunn- og betongarbeidet (§ 98).

Oppføring av forstøttningsmur og innhegning mot veg skal godkjennast av bygningsrådet etter søknad, jfr. § 93, pkt. e, i bygningslova.

FOR BYGNINGSSJEFEN

Utskrift sendt til

Jan Olav Einarsen
Eskild Berthelsen